



Bergen og Hordaland Turlag  
Per Arne Aadland

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/519 - 23/4792

Saksbehandlar:  
Jan Kvingedal  
jan.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:  
25.05.2023

## Melding om delegert vedtak - Søknad om løyve til helikoptertransport - Kvingedalen - 2023 - 2025

Me syner til søknad motteke 25.05.23

Dersom du er part i saka med klagerett vil du også få vedlagt saksutgreiinga.

### Administrativt vedtak. Saknr: 042/2023

**Masfjorden kommune ved rådmannen gjev med heimel i lov om motorferdsel i utmark §6, løyve for Bergen og Hordaland turlag til bruk av helikopter for transport av forsyningar og utstyr til turlagshytta i Kalvedalen i Alver kommune. Løvyet gjeld for juni måned i åra 2023-2025**

#### *Klagerett:*

*Masfjorden kommune gjer merksam på at det er klagerett (fvl. §28) på dette vedtaket. Klage må sendast innan 3 veker. (fvl. §29)*

### Saksutgreiing:

#### 1. Bakgrunn

Bergen og Hordaland Turlag v/Per Arne Aadland søker om løyve til helikoptertransport til turlagshytta i Kalvedalen i Alver kommune. Per Arne Aadland, Hyttedrift og organisasjon Bergen og Hordaland Turlag skriv: Me har ei årleg forsyning av proviant, ved, gass og anna naudsynt utstyr til turlagshyttene, og returnerer samtidig avfall og tomgods. Det er i praksis ikkje mogeleg å frakta inn desse varene utan bruk av helikopter. Me har mange frivillige plassert på hytta og ved utflygingsstaden, og det er vanskeleg å få nok frivillige dersom me ikkje kan ta transporten ei helg. Dersom grunneigarar og hyttenaboar i området vil hengje seg på med transport av varer til sine hytter opnar me opp for det. Av miljø- og kostnadshensyn vil me minimere talet på hiv, men for eksempel våt ved eller mange varer for grunneigarar kan føre til større

transportbehov år. Det skal flygjast med selskapet Airlift. Det er ikkje veg fram til hytta, så det blir vanskeleg med transport inn utan bruk av helikopter. Utflyging er planlagt frå Kvingedalen i Masfjorden kommune.

## 2. Fakta

Søknaden må handsamast etter lov om motorferdsel i utmark § 6: "Når særlige grunner foreligger, kan kommunen gi tillatelse til bruk av motorfartøy eller luftfartøy som ellers ikke kan finne sted etter denne lov eller med hjemmel i loven. Tillatelse etter første ledd kan gis for bestemte høve eller for bestemt tidsrom. Kommunen kan sette vilkår for tillatelsen."

## 3. Vurdering

Masfjorden kommune har som praksis å gje løyve til helikoptertransport ved bygging/vedlikehald av hytte/stølshus når avstandane er store, og det er vanskeleg med andre løysingar. Andre løysingar enn helikopter er eit alternativ men vil vere vanskeleg. Bruk av anna motoriserte køyretøy vil med stort sannsyn medføre vesentlege sår i terrenget. Det aktuelle området sine naturverdiar, og for viltet skal ein og ta omsyn. Ein har likevel ikkje kjennskap til informasjon som tilseier at landing i dette tilfellet får uheldige konsekvensar for dyreliv og biologisk mangfald. Kommunen meiner at det føreligg ein særleg grunn, jf. § 6 i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag. Aktuelle berørte grunneigarar skal varslast om vedtaket. Søkjar er ansvarleg for at landingsplassen er forsvarleg avstengt og sikra for utanforståande.

## 4. Konklusjon

Det vert gjeve løyve jf. vedtaket

Med helsing

Roald Kvingedal  
teknisk sjef

Jan Kvingedal  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

**Mottakarar:**

Bergen og Hordaland Turlag